



Fana og flagget er klart til 17. mai høgtid på Skorpo i morgon.

I morgon vert det 17. mai markering på Skorpo. Mellom 20 og 30 hyttegjester og fastbuande, born og vaksne vil samlast i tunet til Langballe der det vert leikar, kiosk med sal av mat. Alle skal betala med monopolpengar. Det vert tale for dagen med Elisabeth Fjell.

Elisabeth Fjell er hytteeigar på Skorpo og er til vanleg advokat. Vi kjenner ikkje til tema i talen, men vi er lova bilete og referat frå markeringa.

Uskedalen.no var på Skorpo i dag og fekk vera med på litt av førebuingane. Borna hadde laga fane som skal brukast i folketøget. Leikane er som vanleg å hoppa i potetsekk, køyra ektemaken i trillebår og mangt anna.

Borna på bilete er: Ingeborg Brandvik, Lars Brandvik, Elias Brandvik, Emma Kaspara Brandvik Spissøy, Snorre Gramstad Thorsen, Odin Gramstad Thorsen og Kornelia Brandvik Spissøy

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland